



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Nina Vadøy, 5557 2316

## Statsforvaltaren ber om uttale til søknad om auka mottak av farleg avfall på RGS Nordic AS avfallsanlegg

Vi viser til søknad av 29. oktober 2021 om auka mottak av farleg avfall på RGS Nordic AS avfallsanlegg på Mongstad i Alver kommune.

Søknaden ligg på Statsforvaltaren si nettside [www.statsforvalteren.no/vestland](http://www.statsforvalteren.no/vestland) under Høyringar.

Vi ber kommunen om å spesielt vurdere om tiltaket det er søkt om er i samsvar med gjeldande plan- og reguleringsvedtak for området. Vi ynskjer også informasjon om bruks- og byggeløyve som er gitt i det aktuelle området.

Kommunens uttale bør også gi opplysningar om lokale tilhøve som kommunen meiner manglar, eller om det er noko som ikkje er gjort godt nok greie for i søknaden.

Vi ber kommunen om å hente inn nødvendige uttaler frå eigne organ så langt ein finn dette nødvendig. Vi tilrår at kommunen å behandle saka i organ som kan gjere ei samla vurdering av saka. Uttalen skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan 10. januar 2022.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

Nina Vadøy  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*